

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. et., Fylkeshuset  
**Dato:** 18.02.2016  
**Tidspunkt:** 10:30 – 15:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Odd Himle	Medlem	Seniorsaken

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Kaare Høy Müller	Odd Himle	Seniorsaken

**Merknader**

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar / sekretær

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning av møteinkalling		
PS 2/16	Godkjenning av sakliste		
PS 3/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/16	Referatsak (meldingar)		
RS 1/16	Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019	2016/1639	
RS 2/16	Status Klinikksstruktur Tannhelse Hordaland	2016/1605	
PS 5/16	Innspel til ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020	2016/1606	
PS 6/16	Innspel til saker/tema på Vestlandssamling fylkeseldreråd april 2016	2016/1620	
PS 7/16	Drøfte invitasjon til Landskonferanse for fylkeseldreråd 2016	2016/1625	
PS 8/16	Planlegging av konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland 2016	2016/1627	
PS 9/16	Kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland	2016/1631	
PS 10/16	Oppfølging av fylkesutvalsvedtak om elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet	2015/11450	
PS 11/16	Ymse		

## **PS 1/16 Godkjenning av møteinkalling**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

Møteinkallinga vart godkjent utan merknadar.

## **PS 2/16 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

Saksliste vart godkjent utan merknadar.

## **PS 3/16 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

I møtebok/protokoll frå fyel-møtet 2. des. 2015 vart utegløymt eit vedtak i sak 46/15 «Høyring av framlegg til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029». Møteboka vert godkjent med tilføying av følgjande vedtak til nemnde sak: «Fylkeseldrerådet vil påpeike at innfartsparkeringa til Bergen må styrkast/utvidast. Kapasiteten ved fleire anlegg for innfartsparkering er sprengt, noko som er svært uheldig for eldre innbyggjarar. Tilhøva er verst m.a. ved anlegga i Åsane og Nesttun.»

## **PS 4/16 Referatsak (meldingar)**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

I samband med RS 1/16 «Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019» orienterte spesialrådgjevar Aina Haugstad om regionalavdelinga sitt arbeid med folkehelseoversikt for Hordaland. Fylkeseldrerådet tok orienteringa til etterretning og oppmoda samstundes til at ein i dette arbeidet ikkje nyttar «eldrebølja» som omgrep for at talet på eldre er aukande i befolkninga.

I samband med RS 2/16 «Status Klinikksstruktur Tannhelse Hordaland» var medlemene i fyel samde om å understreke det som står i rådet si opphavlege høyringsfråsegn der ein går inn for bruk av ambulerande tannhelsetenester, noko som kan koma både dei eldre og born/unge ved at ein ikkje treng å reise lengre avstandar når klinikkar vert nedlagde.

## **RS 1/16 Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019**

## **RS 2/16 Status Klinikksstruktur Tannhelse Hordaland**

## **PS 5/16 Innspel til ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek seniorrådgjevar Marit Rødseth si orientering om arbeidet med ny regional planstrategi til etterretning. Rådet oppmodar samstundes til at ein i dette arbeidet ikkje nyttar «eldrebølja» som omgrep for at talet på eldre er aukande i befolkninga. Rådet meiner dette omgrepet er einsidig negativt lada og dermed ekskluderer dei mange positive ressursane som er representert i den eldre delen av befolkninga. Vidare ønskjer rådet at planstrategien òg fokuserer på folkehelse, læringsplassar og bustadproblematikk som alle er viktige tema relatert til dei eldre i befolkninga.

## **PS 6/16 Innspel til saker/tema på Vestlandssamling fylkeseldreråd april 2016**

### **Forslag til vedtak:**

Fylkeseldrerådet gir innspel til følgande sak/saker på Vestlandskonferansen 2016:

1. Oppfølging av uttale til Landskonferansen for fylkeseldreråd i 2015.
2. .....

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek til etterretning programmet for Vestlandssamlinga på Sola 26.-27. april. Under punktet «Praktisk informasjon frå eldrerådene» vil representanten Synnøve Solbakken innleie kort for å få til samtale om temaet «Eigen alderdom og bustad.»

## **PS 7/16 Drøfte invitasjon til Landskonferanse for fylkeseldreråd 2016**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil delta på Landskonferansen for fylkeseldreråd i Lillehammer 30. mai til 1. juni med alle faste medlemer som har høve, samt sekretær.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

#### **Vedtak**

Dei medlemer av fylkeseldrerådet som har høve til det vil delta på årets landskonferanse på Lillehammer.

## **PS 8/16 Planlegging av konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland 2016**

Saka vert framlagt utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet skal, til hausten, arrangere konferanse i Bergen for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Rådet gjev arbeidsutvalet mandat til å arbeide vidare med programmet og vurdere m.a. følgjande tema: frivillig arbeid, omsorgsteknologi, folkehelse, samhandlingsreform, ambulansetenesta.

## **PS 9/16 Kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vil ta kontakt med kommunale eldreråd i fylket og høyre om det er interesse for at leiar, nestleiar eller andre frå fylkeseldrerådet deltek t.d. på regionale rådsmøte i fylket.

## **PS 10/16 Oppfølging av fylkesutvalsvedtak om elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet bed administrasjonen gjere greie for når og korleis ein vil sette i verk bruk av elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet, samt gje naudsynt opplæring av rådsmedlemer som treng dette.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

## **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vil etterspørje korleis fylkesadministrasjonen vil følgje opp vedtaket om bruk av elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet.

## **PS 11/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

## **Vedtak**

Sekretær orienterte om førespurnad fra samferdselsavdelinga om fylkeseldrerådet kan medverke til rekruttering av informantar i samband med prosjekt gjeldande universell utforming av reisekjeda bybanen og bussruter i bergensregionen.

Sekretær orienterte om faste medlemer i fylkeseldrerådet som har delteke på Fagakademiet sitt kurs i eldrerådsarbeid. Når det gjeld varamedlemer, vil dei bli informert om høvet til å delta som observatørar på fylkeseldrerådet sine møte, når dei måtte ønskje det.

Nestleiar Gunda Falao Sparre stilte spørsmål ved at det ikkje vert utbetalt møtegodtgjering for frammøte/arbeid i fylkeseldrerådet sitt arbeidsutval. Fylkeseldrerådet er samde om å undersøkje praksis i andre råd og utval og deretter vurdere om dagens praksis bør endrast.

Etter forslag frå representant Synnøve Solbakken vert møtet i fylkeseldrerådet 9. juni 2016 framflytt til 8. juni.